



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

Smøla kommune

Dato: 16. mars. 2022

FNF Møre og Romsdal er eit samarbeidsforum for natur- og friluftslivsinteresserte organisasjonar i Møre og Romsdal. FNF skal engasjere seg i saker som påverkar natur og friluftslivet i fylket. I dag er Norges Jeger- og Fiskerforbund Møre og Romsdal, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Sunnmøre friluftsråd, fylkets tre turistforeiningar, fylkets 4 speidargrupper og Møre og Romsdal 4H tilslutta forumet. Totalt representerer desse organisasjonane mange medlemmer med ei stor interesse for å ta vare på naturen for dagens - og komande generasjonar.

HØYRING SØKNAD OPPDRETT AV TORSK JONSKJÆRET

Vi viser til høyring på søknad frå Nordmøre Torsk AS om etablering av ny akvakulturlokalitet for torsk ved Jonskjæret, i Smøla kommune med høyringsfrist 31 mars 2022.

FNF Møre og Romsdal arbeider mellom anna for å bevare norsk natur og dei artar som lever der. Vi er djupt bekymra for oppdrett i sjøen i det heile der dei tamme dyra påverkar dei ville artsfrendane knytt til genetikk, sjukdom, livssyklus etc. Norske villaksstammer og norsk lakseoppdrett er noko vi diverre har alt for god kunnskap om knytt til negativ påverknad – vi lurar jo på om norske villaksbestander overlever i det heile. Torsk er ved sida av laks ein norsk signalart som vi er bekymra for vil overleve om ein lar oppdrettsnæringa styre grunnen.

Slik vi får opplyst er det omsøkte området eit gyte- og oppvekstområde for vill torsk samt at det er stor konsentrasjon av torsk i området. Det er difor svært uheldig å plassere eit slikt anlegg der. Området er i tillegg mykje brukt til fiske.

Vi les av søknaden om torskeoppdrett ved Jonskjæret mykje om målbare einingar som straum, botnsubstrat, plassering av anlegget etc. Så gjer søkjaren eit forsøk på å sjølv vurdere påverknad oppdrettstorsken har på den ville torskebestanden. Denne vurderinga er mykje lik liknande vurderingar som det same selskapet gjer på andre lokalitetar i regionen. Og konklusjonen deira er lik som ved dei andre lokalitetsvurderingane ved at «*etter ein samla vurdering*» meiner dei at «*sannsynligheita for genetisk påverknad er så lav/ikkje-eksisterande at den omsøkte lokaliteten ikkje vil medføre uakseptabel risiko for påverknad på villfiskbestanden av torsk*». Vi skulle så gjerne ha hatt inn uavhengige habile forskarar i denne vurderinga som forstod «førevar-prinsippet» og som var kjent med naturmangfoldlova. Og vi vil så gjerne tru på det utbyggaren seier om at den menneskelege påverknaden på naturen er minimal, men diverre viser vår nære historie det motsatte.

Forum For Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal

Idrettsvegen 2, 6413 MOLDE

Telefon: 46431427 E-post: moreogromsdal@fnf-nett.no

www.fnf-nett.no



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

Konklusjon

FNF Møre og Romsdal er djupt bekymra for at etablering av torskeoppdrett ved Jonskjæret i Smøla kommune vil føre til utslettelse av villtorsken i fjorden slik som norsk tamlaks har øydela dei norske villaksbestandane. **På dette grunnlag rår vi frå å tillate etablering av torskeoppdrett ved Jonskjæret.**

Ingbjørn Bredeli
Koordinator Forum For Natur og Friluftsliv i Møre og Romsdal

Kopi:
Møre og Romsdal fylkeskommune
Statsforvaltaren i Møre og Romsdal